



Gol 27.01.06

Kunnskapsdepartementet
Opplæringsavdelinga,
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Høyringsuttale til ny forskrift for folkehøgskolen.

Hallingdal Folkehøgskule.

Hallingdal Folkehøgskule stør Folkehøgskolerådet sitt framlegg til nye forskrifter for folkehøgskolen og vil vektlegge følgjande:

§ 4 Om reisekurs: I ei tid med auka globalisering og behov for internasjonal forståing, der det blir lagt vekt på utveksling og kurs av ulike slag, vil det vere heilt uforståeleg og urimeleg å innskrenke det høvet folkehøgskolen har hatt sidan 1985, til å reise utanlands, også med kortkurselevar. Desse kursa har eit omfattande læringsprogram, både på skolen før utreise og under reise i utlandet. Det vil og vere etterarbeid for reisekursdeltakarane ved den enkelte skole.

Folkehøgskolen er no gått inn i eit pedagogisk prosjekt med tittel: Pedagogikk for dei rike, og satsingsområde dei næraste åra vil vere det internasjonale/ det globale. Der må ein også ha høve til å bruke kortkurs/reisekurs.

§7 Rapportering to gonger (1. okt. og 1. april) er ikkje i samsvar med Stortingets uttale i Inst. O. nr. 85, 2001 - 2002.

Deltidselevar: Det har dei siste 20 åra vore vektlagt at folkehøgskolen skal ha god kontakt med – og vere eit tilbod til – lokalmiljøet. I teksten i kapitlet til folkehøgskolen i Statsbudsjettet har det kvart år, fram til budsjettet for 2006, vore skrive at folkehøgskolane skal framstå som ressurscenter og kulturbærarar i sine lokalsamfunn. Dette har folkehøgskolen tatt på alvor. Slik framlegget frå departementet er, vil det føre til ein kraftig reduksjon i denne verksemda. Med det ekstra arbeidet og dei lærarressursane som blir sett inn på kortkurs, vil ein få for lite att til at det vil lønne seg.

§8 Det vil vere feil å avgrense antal funksjonshemma på eit kurs til 50% av antal kursdeltakarar. Kurs for personar med redusert funksjonsevne vil vere lagt opp for desse, og ein treng lærarressursar i samsvar med dette. Kurs for personar med redusert funksjonsevne vil falle bort dersom berre 50% kan telle dobbelt.

§ 9 Tilskot pr. elev må framleis bli gitt etter den formelen vi har hatt til no. Dette er en einaste muligheten skolane har til å lage langtidsbudsjet. Skolen veit nokolunde kva ein vil få i statstilskot 2-3 år fram i tid. Dette er ein heilt avhengig av for å kunne planlegge drift og investeringar framover i tid. Finansinstitusjonar krev og langtidsbudsjet i samband med låneopptak, og det vil vere heilt uråd å gjette seg fram til storleik på statstilskotet.

For Hallingdal Folkehøgskule

HALLINGDAL FOLKEHØGSKULE

Mildrid Nesheim
Mildrid Nesheim
rektor